

Ole Johan Aasen  
Åsane  
6819 Førde

,15.09.14

### **Høyringsuttale Jølstra Kraftverk (Sunnfjord Energi)**

Eg er grunneigar ved planlagd utløp ved Reinene i Førde Kommune Gnr 48 Brn 1. Eg har lagt ved kart over eigedommen ved utløpet, og har nummer på kartet som viser til området eg beskriv.

#### Sunnfjord Energi /Nordkraft.

Eg meiner at dersom ein skal bygge ut Jølstra så må ein gå for alternativet til Sunnfjord Energi, då detter utnytter resursane best og gir best totalløysing.

#### Overskuddsmasser

Eg meiner det blir feil dersom ikkje ein del av massane blir brukt til å utbetre vegar og landbruksareal ved utløp reinene. På figur 10.2 i søknad frå Sunnfjord energi viser utløp (1) som berører dyrka areal (2). Dette arealet er i dag flaumutsett og mykje drivved og anna forurensing blir lagt igjen. Dette arealet bør hevast ved hjelp av masser.

Den kommunale vegen til Åsane (7) bør utbetrast og rettast ut. Dette med hensyn til at det truleg blir auka temperatur på vatnet i elva om vinteren, som igjen fører til glatt veg.

Det er i dag ei 3 meter brei bru (3) rett sør for utløp. Denne bruha bør utvidast, med tanke på anleggstrafikk som truleg må over den for å snu.

Veg til eigedom 48/2 (4) som viser på figur 10.2 i søknaden bør utbetrast. Denne er smal bratt og utan grøft.

Det er eit landbruksareal litt nedstrøms for utløp (6). Dette arealet er ca 20 da fulldyrka jord. Arealet er i til tider flaumutsett sjølv om det er bygd elveforbygning. 2-3 da av arealet ligg så lågt at grunnvatnet frå elva står i høgde med torva. Dette arealet burde kunne hevast med masse frå anlegget eller frå elvamasse som har lagt seg opp mellom elva og elveforbygning.

Eg har og ein skogsveg som ligg rett sør for utløpet (5), denne treng og masse.

Eg har to gamle grustak (8) på eigedommen som ligg nært utløp og er godt eigna til massedeponering. Dette burde vore brukta.

#### Fiske

Det er ein del gode gyte og fiskeplassar mellom Stakaldefossen kraftverk og utløp reinene. Desse bør takast hensyn til, spesielt ved stop i Stakaldefossen kraftverk og drift i Jølstra Kraftverk. Då kan denne delen av elva bli tørrlagd.

